

Oppsummering Kretsmøter 2020

RU-Vest



Nortura
bondens selskap

Generell informasjon

- 29 møter i 32 kretser fra 17.02. til 27.02. 2020. 27 av møta var kveldsmøter, i 2 kretsar var det dagmøter.
- Av 4082 registrerte medlemar møtte 824 mot 954 i 2019.
- Det er 20,2% av antal medlemar mot 22,2% i fjor.
- Av desse møtte 16,3% - 134- kvinner mot 15,5% kvinner – 148 stk.
- På møta møtte Jan Erik Fløtre, Johan Narum, Tone Steinsland og Bente Roer frå konsernstyret, i tillegg til Trine H. Våg i eit møte.
- Eit møte var utan administrativ person, og eit møte var uten tillitsvald.
- Det var leiar og nestleiar fra AU og regional administrasjon som dekkja elles i møta.

Saker som gjekk igjen under årsmelding og rekneskap

- EK – spørsmål og innspel på utbetaling av avsett MK, renter, utbetaling til dei som har slutta av. Og vanskeleg å få svar for desse. Er det forsvarleg å betale ut av overskotet?
- Gåvepensjon, lønsfrys og nedbemanning – og leiarløner sentralt.
- Fokus på Sosiale media og media generelt - at Nortura ikkje gjer ein god nok jobb her i saker som nedlegging av anlegg, klima, bruk av raudt kjøt, etc. Dette svekker selskapet. Kvar er den store kommunikasjonsavdelinga i Nortura når det gjeld eigar-sida?
- Eier-brev før møterunda fekk skryt frå fleire – men når ein stiller spørsmål om saker her, må det svarast på.
- Treng forklaringar på EDBITDA og Fond for vurderingsforskjeller.
- Mange kommentarar rundt import, handelsavtaler og mogleg eksport
- Otta-anlegget, mange spørsmål rundt dette, burde hatt meir avklaring og betre kommunikasjon mot bonden, og at info om ny verksemd burde kome tidlegare. Og innspel på inntransporttider, då frå nordre strøk og med bekymring om nedgang i 8-timars regelen.
- **EFFEKTIVISER FOR FRAMTIDA!** Viktig arbeid i selskapet på dette og få opp prisen til bonde!

Drifts og marknadsorientering

- Kjedemakt, priser, merkevarer og EMV – mange spørsmål på dette.
- Lage større fokus på at Gilde er garantert norsk
- Treng egne butikkar for våre merkevarer, kanskje saman med Tine
- Inntransport: Transportstøtte, selskapsstruktur, storleik på slaktebiler, dyrevelferd – mange innspel og diskusjoner
- Bør ein ikkje leigeslakte for konkurrent? Og samhandle på inntransport?
- Nedgong i mjølkedyr – er Nortura på her?
- Sau og lam – fokus på pris og lager. Utnytte mediastunt som sauesaka TV.
- Nortura må vere meir ute, spesielt ved brukarskifter.
- Same strategi no som for 30 år sidan?
- SAP – NOVA – innspel og spørsmål på dette

Tilstanden i Nortura i dag

- Provoserende korleis eigarar rundt Otta opptrer mot selskapet sitt
- Samla tap/kostnader rundt distribusjonen – kva er det?
- Nortura er for defensiv, må ikkje spare seg til fant! Må selje meir!
- Ta ut anlegg der det trengs!
- Spørsmål om nedgang i tilførslar etter Otta-vedtaket.
- Livdyrformidlinga må verte eit positivt aspekt for Nortura
- Treng å anrette Eier-breva slik at bonden kan argumentere for både merkevarene og klima!
- Bruk av profilerte kjendisar for å marknadsføre merkevarene våre!
- Fornøgd med endring av avtaleinnmelding på storfe til 5 veker.
- Treng å fokusere på dei tunge område for å kunne ha økonomi til å hente slakt i dei meir perifere områda.
- Vi som bønder har eit ansvar for å påverke dei rundt oss til å kjøpe Gilde/Prior!
- Må få heilskapen i landbruk og klima inn i strategiplanen no!
- Viktig å ha respekt for demokratiet i selskapet!
- Feilmerka dyr bør ikkje betalast for! Heller ikkje kvalitet som ikkje er salbar!
- Treng at ein også besøke dei områda som er lengst frå anlegga – rådgivar må også dit!

Åpen post

- Samarbeid med Tine og NLR på rådgiving
- Treng kontaktpunkt/rådgivar i Nortura for Møre. Spesielt treng ein fokus på gris, storfe, livdyrsal og nye brukarar
- Lag nettkurs som bønder kan bruke, også som treffpunkt
- Styret må evaluere den godt betalte kommunikasjonsavdelinga opp mot Otta, klima, nett-troll og Nationen. Kan ikkje la alt det negative i media stå uimotsagt.
- Treng kurs for framfôring av okse på Møre
- Treng å få ut info og ha fokus på betra velferd på gris
- Norsk kjøtt opp mot klima må marknadsførast betre
- Fokus på småfe, sauelager som forsvant til lav pris, gjere prisløypa flatere og heiakøyring som før
- Er reduksjonen av ansette på Løren stor nok?
- Vi bønder må gjere sjølve det som skal gjerast, som føring av sauekontrollen
- Opne medlemsbutikk for andre enn medlemar for større sal av merkevarene våre

Open post

- Nortura og vi må sjølve sette dagsorden og skape overskriftene
- Merkevarer og større sal – korleis legge strategien her – notat frå krets 65
- Viktig å styrkje kanaliseringspolitikken
- Bør kunne utvide ei innmelding og då få same henteveke
- Få til enklare tilgang til alle skjema på Min Side
- Naudslakt i nordre Hordaland – her må det vere ein bil stasjonert og ha fleksible grenser mellom tilførselsområda.
- Treng avløysar på medlemsbutikk på Voss ved sjukdom
- Må få fullt puljetillegg ihht innmelding når ikkje alt vert henta på same bil.
- Må ha større fokus på kor viktig samvirke er
- Skryt til sjåførane, men også til Nortura for å kunne handtere småfesesongen så godt!

Og så tek Arbeidsutvalet saker vidare for oppfølging

